



MØTEBOK

Møte: 4-2021
Møtedato: Onsdag 1.8.2021
Møtestad: Kommunestyresalen
Tid: 18.00

Desse møte:

John Olav Habbestad, Åse Innvær, Elisabeth Bjørnevik, Trygve Totland, Camilla Rubach, Hans Otto Robberstad, Nancy Helen Olsen (vara), Asbjørn Gundersen, Elin Taranger og Trygve Leigland.

Desse var ikkje på møtet:

Odd Ingvar Nilssen og Heidi Vold Ådnanes

John Olav Habbestad leia møtet.

2021-04-01 GODKJENNING AV INNKALLING OG SAKSLISTE

Kommentar på at sakene kjem for seint. Skal vera på plass ei veke før. Innkalling og saksliste vart elles godkjent.

2021-04-02 MØTEBOK

Møtebok 3-2021 godkjent med kommentar.

Vart stil spørsmål til, og minna om, at informasjonen om tilslutningsavtale for personvern og informasjonssikkerheit måtte sendast ut til sokneråda som bestemt i førre møte. Dette er enda ikkje gjort.

2021-04-03 MELDINGAR OG SKRIV

1. Orientering etter møte med kommunedirektøren og økonomisjef.
Fremja budsjettplan for både drift og investeringar. Kjensla av å bli høyrte og lytta til.
2. Personale
Nokre sjukemeldingar i staben.
3. Oppgradering Bømlo kyrkje – tilbudsfrist 7. sept.
Tilbudsfrist endra til 14. september på grunn av feil i Doffin.
4. Oppdatering Vorland
Fått godkjenning frå kommunedirektør og økonomisjef om å gjer interne endringar i økonomiplan for å kunne imøtekomme kostnadskalkylen på ny gravplass på Vorland. Utviding/opparbeiding av nytt område på Moster vert utsett til etter 2024.
5. Høyring om kyrkjeleg organisering hos kommunen. Sjå eige vedlegg.
Orientert litt om notatet som vert sendt kommunen som innspel til deira høyringssvar. Vart snakka meir om dette under sak 2021-04-06

6. Lån av investeringsmidlar til flygel i Bremnes.
Vart informert om tankane om at fellesrådet brukar noko av sin investeringsmidlar til innkjøp av nytt flygel i Bremnes kyrkje, og at dette vert dekk inn igjen med faste givarteneste, konsertar m.m. Fellesrådet ber om ei eiga sak på dette.
7. Kyrkjekontroll 2021 - Status
Kyrkjekontroll gjennomført i år. Kartlegging av kyrkjebygg og inventar. Vart poengtert frå fleire hald at dette har ein data på frå tidlegare kartleggingar.

2021-04-04 KVARTALSRAPPORT 2. KVARTAL 2021

Det vart stilt spørsmål, og gitt svar, til nokre av postane i rapporten. Blant anna vart det stilt spørsmål til kva midlane på post 11105 Truopplæringstiltak 15-18 var brukt til. Her ligg det inne utgifter knytt til buheimeleir. Det vart også stilt spørsmål til 17500 og 17501 som viser seg å vera feilplasseringar.

Vedtak:

1. Kyrkjeleg fellesråd tek rekneskapsrapporten for 2. kvartal 2021 til vitande.

2021-04-05 MINNELUND BREMNES

Det vart gjeve ei orientering om prosessen og arbeidet med ny minnelund på Bremnes kyrkjegard. Ein har jobba kjapt og effektivt med prosjektør (Akasia) frå Bergen, og delane til minnelunden er sett i bestilling. Levering forhåpentlegvis i løpet av oktober.

Vedtak:

1. Bømlo kyrkjelege fellesråd vedtek at kyrkjevevje held fram med arbeidet med å få på plass ny minnelund på Bremnes nye kyrkjegard innanfor dei økonomiske rammene til dette.

2021-04-06 INFORMASJON OM HØYRING OM NY KYRKJELEG ORGANISERING

Kyrkjevevja informerte om nokre av hovudpunkta i rapporten til Müller-Nilsen utvalet.

- Oppretting av prostifellesråd
- Felles arbeidsgivarlinje
- Framtidig valordning – direkte og indirekte val

Det vart snakka mykje om ulempene ei evt. ny kyrkjeordning vil kunna få. Den lokale tilknyttinga vil bli svekka. Og det vil påløpe mange ekstra kostnader.

Det vart også informert om informasjonsmøte på Stord 21. september og presentasjonsvideoen på youtube.

Vedtak:

Fellesrådet ber kyrkjevevje i samråd med leiar og sokneprest i fellesrådet utarbeide forslag til høyringssvar.

2021-04-07 BØMLO KYRKJELEGE FELLESRÅD SOM ARBEIDSGJEVAR

Saka var ikkje klart til møtet og vert difor utsett.

2021-04-08 DRENERING AV ESPEVÆR GAMLE GRAVPLASS

Det vart orientert om henvendingar som har vore knytt til den gamle gravplassen på Espevær. Gravplassen er fellesrådet sitt ansvar, men ein må få kartlagt omfanget av problemet og definert om dette er ein kommunalsak, eller fellesrådssak.

Vedtak:

Kyrkjeverje opprettheld den vidare kontakten med kommunen for å identifisere omfanget av det som evt. må gjerast.

John Olav Habbestad
leiar

Trygve Leigland
kyrkjeverje